



Tore Kårbø
Kårbø 35
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1278 - 19/24742

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
06.12.2019

Svar på epost med spørsmål om kostnadar i samband med tilkopling kommunalt VA-anlegg - GBNR. 52/5

Meland kommune har motteke ein epost frå deg den 15.11.2019 med førespurnad om beløpet på kommunens tilskot gitt i vedtak av 17.04.2018. Vedtaket gir deg tilskot til utgifter til kryssing/graving i den kommunale vegen i samband med tilkopling til kommunalt VA-anlegg på eigedommen din, gbnr. 52/2.

Me viser til brev frå Meland kommune den 13.08.2018 der kommunen stadfestar at den vil dekke kostnaden med kryssing/graving i kommunal veg, jf. Utval for drift og utvikling sitt vedtak, datert 17.04.2018. Skarsvåg Rør og Interiør AS har, etter oppmoding frå Meland kommune, sendt ut tilbod til deg om dette.

Kostnaden for gravearbeidet, som kommunen har vedteke å refundere, er basert på det rimelegaste tilbodet frå røyrleggjarverksemda. Som det framgår av tilbodet er prisen oppgitt til **kr. 27 500** inkl. mva. Tilbods brevet inneheld prisen for påkopling ved kryssing/graving over kommunal veg. Brevet med tilbodet er datert 06.03.2018. Kopi av tilbodet ligg vedlagt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbod frå Skarsvåg Rør og Interiør

Mottakere:

Tore Kårbø

Kårbø 35

5917

ROSSLAND